

Stor undersøking i 2017: Kvar tredje bedriftsleiar trur det føregår ulovleg samarbeid i sin bransje



VEIT DU NOKO?
Tips oss anonymt om ulovleg samarbeid
Marion, Vidar og Erling i etterforskningsavdelinga

– Konkurranskriminalitet er utbreidd i norsk næringsliv. Samstundes har konkurranselova og tilsynets handheving ein tydeleg effekt: Bedrifter tek omsyn til lova når dei gjer avtalar

Konkurransedirektør Lars Sørgard

Konkurranse i kvardagen: Kva betyr Konkurransetilsynet sitt arbeid for deg?

EFFEKTIV FUSJONSKONTROLL

Ein fusjon vart stoppa – 96 prosent av sakene godkjende innan 25 arbeidsdagar

PROSJEKTSAMARBEID

Høgsterett har stadfesta at konkurrentar som kan levere separate tilbod ikkje kan samarbeide om offentlege anskaffingar

PÅDRIVAR: DROSJE

No skal endringar i mellom anna løyveordninga og behovsprøvinga på høyring

PÅDRIVAR FOR KONKURRANSE

I 2017 har det blitt auka merksemdu om kor grensene går for framferd som er i strid med konkurranse-reglane. Høgsterett stadfesta tilsynet sitt vedtak frå 2011 i Ski Taxi-saka, noko som inneber at sjølv eit ope anbodssamarbeid i utgangspunktet er i strid med konkurranselova. Tilsynet har vore, og er aktiv med mellom anna foredrag og møte for å fortelje ulike bransjar om konkurransereglane på dette området, og dermed sørge for at selskapa opptrer på ein måte som sikrar god konkurranse. Det ser ut til at det er stort behov for denne typen rettleiing. Ei spørjeundersøking tilsynet har fått utført i 2017 viser at nærmare 30 prosent av selskapa som er spurde meiner det går føre seg ulovleg samarbeid i næringa deira.

I 2017 har vi hatt høg aktivitet innan etterforsking. Tre bevisskringar er gjennomførde i ølmarknaden, alarmmarknaden og avfallsmarknaden. Samstundes la vi i første halvår 2017 bort saka som gjaldt FlyViking, der tilsynet gjekk på bevisskring hausten 2016.

I 2017 har tilsynet fatta to vedtak om ulovleg samarbeid. I mars vart fire forlag pålagde gebyr på til saman over 30 millionar kroner. I september vart fem elektroselskap og ei kjede pålagde gebyr for ulovleg anbodssamarbeid på til saman over 18 millionar kroner. Med unntak av 2013, er samla gebyr som er pålagde i 2017 klart høgare enn nokon gong før.

I 2017 har Eimskip sitt oppkjøp av Nor Lines blitt stoppa, og tre andre oppkjøp er blitt grundig behandla og klarert. Det har gitt auka merksemdu om kva for fusjonar og oppkjøp som venteleg vil bli stoppa, og kva som kan bli klarert. Det viser at tilsynet typisk vil gripe inn mot selskap som er nære konkurrentar. Framleis er det slik at dei aller fleste melde fusjonar og oppkjøp blir klarerte tidleg, sidan 96 prosent blir klarerte før det er gått 25 arbeidsdagar.

I 2017, som i dei føregåande åra, har tilsynet vore ein aktiv pådrivar for å utvide konkurransearenaen – til beste for forbrukarane. Vi har til dømes sendt

tre høyringsfråseigner i taxi-marknaden. Seint på hausten avgjorde regjeringa at dei ville oppheve behovsprøvinga og gjennomføre ein heilskapleg gjennomgang av reguleringa av denne næringa. Det er heilt i tråd med det tilsynet har tilrådd i mange år, for eksempel i ein rapport om denne marknaden i 2015.

I 2018 vil tilsynet gjennomføre tiltak for å auke den faktiske og den opplevde oppdagingsrisikoen for konkurranselovbrot, og dermed styrke incentivet til å følgje lova og å soke lemping. Meir konkret vil eitt viktig tiltak for å styrke oppdagingsrisikoen vere å bruke såkalla "screeningmetodar". Dette inneber å analysere anbodsdata frå offentlege innkjøp for å avdekke anbodsmønster som kan indikere anbodssamarbeid.

I 2018 har Konkurransetilsynet også som målsetting å ta ei endå sterkare rolle som aktiv pådrivar for sunn konkurranse i marknader som betyr mykje for forbrukarane. Dette omfattar å auke merksemdu om at konkurranse som verkemiddel for effektiv ressursbruk kan føre til betre løysingar. I tillegg, og ikkje minst, handlar det om å arbeide for endra reguleringar, slik at det blant anna blir lagt til rette for lågare etableringsbarrierar og auka konkurranse.



Lars Sørgaard

Samfunnsoppdraget:
Konkurransestilsynet skal fremje konkurransen til beste for forbrukarar og næringsliv

Kt.no/samfunnsoppdrag

Konkurransestilsynet: Zander Kaaes gate 7, Postboks 439 Sentrum 5805 Bergen. Tlf: 55 59 75 00 www.konkurransestilsynet.no
På framsida, frå venstre: Konkurransedirektør Lars Sørgard med Marion Stamnes, Vidar Erichsen og Erling Espeskog i tilsynet si etterforskningsavdeling. Foto: Marit Hommedal.


TILSYNET I TAL I 2017



EFFEKTIV FUSJONSKONTROLL

96 av 100 meldingar om fusjonar og oppkjøp vart godkjende innan 25 arbeidsdagar. Eimskip – Norlines vart stoppa etter 100 dagar, medan Telia – Phonero og Godt Levert – Adams Matkasse vart godkjende etter høvesvis 104 og 56 dagar.

Avgjerder fusjonskontroll 2017:



- Del av saker lagt bort innan 25 arbeidsdagar
- Del av saker lagt bort etter 25 arbeidsdagar
- Del av saker med inngrep

§ Ny konkuranseklagenemnd

Frå 1. april 2017 skal alle klager på Konkurransestilsynet sine vedtak handsamast av ei uavhengig klagenemnd. Den nye nemnda skal sikre rettstryggleiken til bedriftene og bidra til ei meir politisk uavhengig handheving av konkurranselova. Konkuranseklagenemnda får felles sekretariat med Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA) og fire andre nemnder.

§ Rettleiar i fusjonskontrollen

Målet med rettleiaren er å gi saks-partar kunnskap om Konkurransestilsynet si sakshandsaming i samband med kontroll av føretakssamanslutningar, samt å legge til rette for ein målretta og effektiv prosess.

Pådrivar for konkurransen



Konkurransestilsynet skal utvide konkurransearenaen og vise korleis forbrukarar og næringliv tener på konkurransen. Det gjer tilsynet mellom anna gjennom høyringar, påpeikingar retta mot det offentlege og innlegg i samfunnsdebatten.

Her er eit utval av saker i 2017:

Effektiv fusjonskontroll

Fusjonsneking kombinert med rekordrask klarering av uproblematiske fusjonar er bra for kundane og sikrar effektiv sakshandsaming. Kronikk i Dagens Næringsliv 2. mars

Daglegvare:

Unik kjedemakt i Noreg?

Det unike ved norsk daglegvare er ikkje store kjelder, men fråvær av utfordrarar som Lidl og Aldi som står sterkt utanlands. Kronikk i Dagens Næringsliv 7. mars.

Ulovleg samarbeid kan vere:

Prissamarbeid der konkurrentar avtaler prisar på varer eller tenester.

Anbodssamarbeid der konkurrentar koordinerer prisar og vilkår før eit anbod eller tilbod blir sendt.

Marknadsdeling der konkurrentar avtaler å dele kundar eller område mellom seg, fastset kvotar eller avtaler produktspesialisering.

[kt.no/kartell](#)

77%

av leiarane kjenner til at ein kan tipse tilsynet om moglege brot på konkuranselova

[kt.no/tips](#)



Norske leiarar meiner dette er dei viktigaste grunnane for å unngå brot på konkuranselova:

- 78% Tap av omdøme for selskapet
- 73% Ekskludering frå anbod
- 67% Personleg bot
- 59% Avskil frå selskapet
- 59% Høge gebyr til verksemda
- 57% Fengselstraff

20.03

Meieri: Kapitaltilskot til sjølvstendige meieri

Forslaget til ny modell kan gi høgare råvarerepris for Tine sine konkurrentar og dermed skade konkuransen i meierisektoren på sikt
[Høyringsfråsøknad til Landbruksdepartementet 20. mars](#)

Ein av tre norske bedriftsleiarar trur det føregår ulovleg samarbeid i sin bransje

Undersøkinga syner at samarbeid om pris er øvst på lista av lovbrot saman med deling av informasjon

- 32% Prissamarbeid
- 32% Deling av informasjon
- 26% Deling av marknaden
- 24% Anbodssamarbeid
- 13% Anna
- 12% Samarbeid om å avgrense sal eller produksjon
- 8% Bindande prisar

Kva kan du gjere?

TIPS OSS!

Konkuransetilsynet får årleg inn over 200 tips – mange av desse som anonyme. Alle tips blir vurderte. Skriftlege tips får ikkje svar, med mindre tilsynet ber om meir informasjon i saka.

[kt.no/tips](#)

Søk om amnesti!

Kjem du først, kan du går fri frå bøter og straff, men berre 4 prosent av leiarar kjenner godt til denne ordninga – tør du å la vere?

[kt.no/amnesti](#)

[Les meir om undersøkinga på kt.no/undersøking](#)

27.03

Landbruk: Mindre makt til samvirka

Tilsynet argumenterer i samband med jordbruksmeldinga at det er vanskeleg å oppnå konkuransenyttale forhold i landbruksmarknadene så lenge samvirka framleis skal vere markedsregulatorar.

[Kronikk i Nationen 27. mars](#)

Bevissikringar 2017/2018

Frå 2017 har tilsynet starta med å publisere bevissikringar på heimesida. Det betyr at det blir lettare for potensielle tipsarar i dei aktuelle marknadene å bli merksame på at vi jobbar med ei sak, og det blir meir synleg for verksamder kor stor fare det er for å få besøk utan varsel.
kt.no/bevissikringer

År pr 01.03.2018	Marknad	Konkurranselova	Status
2018	Bokmarknaden	§10 Konkurranse-avgrensande samarbeid	Pågår
2017	Sal av øl til serveringsstader i Noreg	§11 Misbruk av dominerande stilling	Pågår
2017	Alarm- og tryggleikstenester	§10 Konkurranse-avgrensande samarbeid	Pågår
2017	Innsamling av avfall i Midt-Norge	§10 Konkurranse-avgrensande samarbeid	Pågår



istockphoto.com

Ulovleg samarbeid

I mars 2017 vart fire forlag pålagde gebyr på til saman over 30 millionar kroner. Forлага samarbeidde om ein kollektiv boikott av distributøren Interpress og utveksla konkurrancesensitiv informasjon.

I september vart fem elektroselskap og ei kjede pålagde gebyr for ulovleg anbodsamarbeid på til saman over 18 millionar kroner. Dei fem konkurrentane hadde blitt einige om identiske prisar og utveksla konkurrancesensitiv informasjon. Kjeda initerte og organiserte samarbeidet.

Prosjektsamarbeid

Høgsterett stadfestar i 2017 tilsynet sitt vedtak frå 2011 i Ski Taxi-saka, noko som inneber at sjølv eit ope anbodsamarbeid i utgangspunktet er i strid med konkurranselova. Tilsynet har vore og er aktiv med blant anna foredrag og møte for å fortelje ulike bransjar om konkurransereglane på dette området, og dermed sørge for at selskapa opptrer på ein måte som sikrar god konkurranse.

kt.no/prosjektsamarbeid



istockphoto.com

Fusjonskontrollen

Kva som er til det beste for forbrukarane er rettesnora for tilsynet si handsaming av fusjonar og oppkjøp. Tilsynet sin kontroll skal ikkje skape unødige forseinkingar for bedriftene. Av 100 saker i 2017, gjekk tre saker gjennom ei grundig vurdering før dei vart klarerte:

Sjømat: Insula AS - Apetit Kala Oy/Maritim Food AS

Matkassar: Adams Matkasse AS - Godtlevvert.no

Mobiltelefoni: Telia Company AB - Phonero AS

Ei sak vart stoppa. Konkurransetilsynet stoppa Eimskip sitt kjøp av Norlines med bakgrunn i redusert konkurranse innan frakt av frosen fisk frå Nord-Noreg til Nord-Europa. Delar av Norlines vart seinare kjøpt opp av Samskip.

Misbruk av marknadsmakt

Tilsynet gjennomførde i 2017 bevissikring hos Ringnes knytt til marknaden for sal av øl til serveringsstader i Noreg. Kontroll hos føretaket vart gjort for å få bekrefta eller avkrefta mistanke om brot på konkurranselova § 11 om misbruk av dominerande stilling.

Visste du at...

Ei undersøking syner at det er nokså mange fusjonsplanar som blir skrinlagde som følgje av fare for å bli stoppa. Det illustrerer dei store indirekte verknadene av den aktive fusjonskontrollen tilsynet utfører.

22.08

30.11

22.12

Biodrivstoff: Krav til auka sal av biodrivstoff kan gi mindre selskap i drivstoffmarknaden ei kostnadsulempe, og redusere konkurransen ut mot forbrukarane.

Høyningsfråségn til Klima- og miljødepartementet 22. august

Gründerar og hårvask: La oss heie på gründerane. Ofte vil det vere gründerar som ser nye løysingar og dermed utfordrar den eksisterande bransjenormen. Det er nettopp det som har vore tilfelle i frisørbransjen.

Kronikk i Aftenposten 30. november

Digitalradio og ytringsmangfold:

Kvífor har løysinga blitt at berre tre stemmer kjem til orde i den nasjonale radiomarknaden?

Kronikk i Aftenposten 22. desember

Visste du at...

85% av norske bedriftsleiarar meiner at tilsynet sitt arbeid er viktig/ svært viktig for å leggje til rette for velfungerande marknader?

Kva betyr konkurranse for deg i kvardagen?

Rettesnora for Konurransetilsynet i hand-saminga når bedrifter slår seg saman, er kva som er det beste for forbrukarane. Det er omsynet til forbrukarane som gjer at tilsynet skal avdekke konkurransekriminalitet. Sosiale media er ein viktig kanal for å vise med ord, bilet og video korleis vår jobb og våre prioriteringar sikrar deg rimelege varer og tenester, utval, kvalitet og innovasjon.



Følg #konkurranseihverdagen på:
Twitter @ktlsynet
Facebook @Konurransetilsynet
LinkedIn og Instagram



Hvordan ville din hverdag vært hvis du ikke kunne velge mellom ulike TV-kanaler, ulike bensinstasjoner, flyselskap og kaffe- og juicemerker. Sjekk denne filmen!



Koleis hadde
dagen din vore
utan konkurranse?
Sjå video på kt.no
eller våre sosiale
media



– Vi ønsker å endre fundamentalt på reguleringen av taximarkedet, sier konurransedirektør Lars Sørgard. Samferdselsdepartementets forslag til endring i drosjereguleringen er ikke tilstrekkelig når det gjelder å løse dagens utfordringer i taximarkedet. Les mer om Konurransetilsynets høringssvar her: <http://www.kt.no/.../horingssvar-mer-detaljstyring-av-drosje.../>



Konurransedirektør Lars Sørgard

Internasjonalt:

Nordisk samarbeid

Den nye nordiske samarbeidsavtala vart signert i september 2017. Avtala inneber at konurransetilsyna i dei nordiske landa kan samarbeide effektivt på tvers av grenser. Den nye avtala gjer det mogleg for Konurransetilsynet å gå på bevisskring i eit anna nordisk land.

Konurransefaglege nettverk

Konurransetilsynet deltek aktivt i internasjonale nettverk, og har i 2017 delt konurransefaglege erfaringar i mellom anna European Competition Network (ECN), International Competition Network (ICN) og eigne workshops med mellom anna det britiske konurransetilsynet CMA. Frå desember 2017 er konurransedirektør Lars Sørgard nytt medlem i Byrået i OECD si konurransekomite.

**Pådrivar for konkurranse:
Drosjemarknaden**

Tilsynet har vore ein aktiv pådrivar for å utvide konurransenarenaen – til beste for forbrukarane. Seint på hausten avgjorde regjeringa at dei ville oppheve behovsprøvinga og gjennomføre ein heilskapleg gjennomgang av reguleringa av drosjenæringer. Det er heilt i tråd med det tilsynet har tilrådd i mange år, i høyningsfråsagn, rapportar, kronikkar og debattar.